
Notat

Saksnummer
14/633 - 2

Løpenummer
14/6349

Arkivkode
FE-033, TI-&00

Dato
26.08.2014

VEDTEKTER FOR FUSA UNGDOMSRÅD OPPDATERT 2014

Desse vedtektene vart godkjende av Fusa kommunestyre i sak 16/14 - 19.juni 2014

§ 1 Mål§ 1.1 Namnet er Fusa ungdomsråd

§ 1.2 Fusa ungdomsråd skal fremja ungdommen sine interesser og tala deira sak i Fusa kommune.

§ 2 Arbeidsoppgåver

§ 2.1 Fusa ungdomsråd skal:

- vera eit synleg og aktivt organ
- gje politikarane i Fusa råd i saker som gjeld ungdom
- fremja eigne saker som er viktige for ungdom i Fusa.
- fordela øyremerkte midlar til ungdomstiltak
- kan stå som arrangør for opne høyringar/ sosiale tiltak/arrangement for. ungdom

§ 3 Representasjon

§ 3.1 Fusa ungdomsråd skal ha 7 medlemmer der:

- 2 skal veljast frå ungdomsskulen med personleg vara
- 2 skal veljast frå Fusa vidaregåande skule med personleg vara
- 2 skal veljast frå anna ungdom busett i Fusa inntil 25 år, med personleg vara
- 1 skal veljast frå kommunestyret for kommunestyreperioden med personleg vara
- Dei 6 ungdomsrepresentantane skal vera i alderen 13-20 år og vera fast busett i Fusa.

§ 3.2 Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett i ungdomsrådet. Representant for ungdomsrådet møte- og talerett i andre politiske utval.

Besøksadresse:
Kommunetunet
896

EIKELANDSOSEN

Postadresse:
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN

Bankgiroar.: 3420 07 00920

Fusa Kommune:
Telefon: 56 58 01 00 Organisasjonsnu.: 964 968

Telefaks: 56 58 01 02

postkasse@fusa.kommune.no



FUSA KOMMUNE

§ 4 Val

§ 4.1 Skulane vel sine representantar etter eit demokratisk val. Dei to siste medlemmane vert valde av ungdomsrådet utifrå ei valliste laga av sekretariatet. Det skal kunngjerast offentleg at ungdom kan melda seg som kandidatar til valet.

§ 4.2 Ungdomsrepresentantane vert valde for 2 år. Det skal vera tilnærma lik fordeling mellom kjønna

§ 4.3 Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv etter vala kvar haust. Rådet skal ha leiar og nestleiar.

§ 5 Økonomi

§ 5.1 Kommunestyret sett av eit fast beløp kvart år som rådet disponerer til ungdomstiltak og drift av ungdomsrådet.

§ 5.2 Medlemene i ungdomsrådet får møtegodtgjersle etter dei same prinsipp som andre politiske utval i Fusa kommune.

§ 5.3 Fusa kommune stiller med sekretærhjelp til rådet og dekkjer administrasjonskostnader.

§ 6 Møta

§ 6.1 Sekretær får tilsend alle relevante saker frå administrasjon, politiske utval og andre. Leiar med hjelp frå sekretær gjer framlegg til sakliste til møta. Medlemer i rådet kan fremja saker direkte i møta. Innkalling skal nonnalt sendast ut ei veke før møtet.

§ 6.2 Møta følgjer den politiske møteplanen i Fusa. Ved behov vert det kalla inn til ekstramøte.

§ 6.3 Ungdomsrådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene møter. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme.

§ 7 Handlingsplan

§ 7.1 Ungdomsrådet handsamar kvart år ein eigen handlingsplan som vert sendt kommunestyret.

Ungdomsrådet utarbeider kvart år ei årsmelding som vert sendt kommunestyret.

§ 8 Vedtektsendringar

§ 8.1 Vedtektsendringar skal gjerast av kommunestyret.